

## Retningslinje for støtte til kartlegging av naturfare

Vang kommune

Vedteke 20.03.2025, KS-022/25

### Ordninga gjeld for

- Kartlegging av naturfare for eksisterande bustad, driftsbygning og stølshus.

### Støttebeløp

- Ein kan få støtte på 25 % av kostnaden for kartlegging inntil 75 000 kr.
- Eigeninnsats skal ikkje reknast med
- Det er reell kostnad ein kan søke om støtte til. For t.d. utmarkslag som kan få tilbakebetalt mva., så kan reell kostnad vere eksklusiv mva. For privatpersonar kan kostnad vere inklusiv mva. Dette må gjerast greie for ved søknad og i rekneskap for medgåtte kostnader.
- Tilskotet blir utbetalt etter at skredfareutgreiinga er fullført og kommunen har mottatt dokumentasjon og rekneskap for medgåtte kostnader, samt skredfarerapport og GIS-leveranse.
- Utgifter ut over summen det er søkt om, samt administrasjon og oppfølging av kartlegginga, blir ikkje dekt av ordninga.

### Vilkår

- For å få stønad må den som søker om støtte vise at naboar, dersom desse også ligg innanfor same aktsemdsområde, er varsla og gjeve moglegheit for å gå saman om kartlegging.
- Kartlegginga må vere offentleg og skal leggjast inn i NVE sitt register seinast tre månadar etter ferdigstilling av kartlegginga. (<https://www.nve.no/nytt-fra-nve/nyheter-skred-og-vassdrag/naa-blir-det-pliktig-aa-melde-inn-grunnundersokelser-og-naturfareutredninger/> )
- Kartlegging må utførast etter NVE sine rettleiarar: (<https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/>)
  - Utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng, publisert 12.11.2020
  - NVE-veileder nr. 3/2022 Sikkerhet mot flom – Utredning av flomfare i reguleringsplan og byggesak.

Beløpet for støtteordninga stadfestast kvart år i årsbudsjettet. Kommunedirektør får delegert mynde til å tildele støtte i samsvar med ordninga.